



FJELL KOMMUNE



Til foreldre og føresette

SKULEBYGG OG MELLOMBELS FLYTTING

I samband med budsjettet for 2018 vedtok kommunestyret i desember i fjor at det skal setjast i gang arbeid med å sanere asbest på Skålevik skule. « *Kommunestyret er innstilt på at dette vil innebera at elevar må flyttast til andre skular medan arbeidet er i gang* ». (KS 14.12.17) Det er Ulveset skule som då er alternativet. Det er ikkje kome forslag om at Skålevik skule skal leggjast ned, så det vert ikkje offentleg høyring på den praktiske løysinga ein vel for denne perioden.

Det er ikkje helsefarleg å bruke skulebygget på Skålevik slik det er no, men asbesten i bygningsmaterialet gjer det utfordrande med tanke på utbetring og vedlikehald. Dei 40 millionane som er sett av til rehabilitering av skulen er tekne ut frå investeringsbudsjettet, fordi det blir behov for ei større ramme for eit meir omfattande prosjekt. Det er venta at det kjem ei eiga sak som omhandlar ombygging/renovering av skulen på eit seinare tidspunkt.

Skulekontoret ser no på korleis ein kan løyse eit vedtak om mellombels flytting på ein god måte for elevar og tilsette ved Skålevik skule. Flyttinga vil skje når Ulveset skule er klar til å ta imot elevane. Det er ikkje tidfesta kor lenge elevane kjem til å bli verande på Ulveset. Elevane får skyss med buss til og frå skulen. For å få nok plass må Ulveset få tilført brakker. Leiinga på dei to skulane vil samarbeide tett for at perioden med sambruk skal bli så god som råd, og for å kunne gje elevane eit godt skuletilbod både fagleg og sosialt.

Vi vil samarbeide med foreldregruppa via samarbeidsutvalet og FAU, og kjem tilbake med meir informasjon når det føreligg fleire avklaringar. Sjå i feltet «Politikk, innsyn og næring» på kommunen sine nettsider for å finne informasjon og saksdokument som omhandlar saker i komité for drift og forvaltning og/eller i kommunestyret. I februar kjem det opp ei sak der framtida til Skålevik skule er ein del av ei større sak.

Dette skrivet vert delt ut på begge skulane. Kontakt gjerne leiinga på skulen dersom du har spørsmål du treng svar på før meir informasjon kjem. Vi tek atterhald om at det kan verta endringar undervegs.

Med vennleg helsing

Wilhelm Anglevik
Skulesjef

Solveig Ellingsen
Rektor på Ulveset skule

Bente Kleppe Lervik
Rektor på Skålevik skule